

Referat frå møte i FAU, Ostereidet barneskule den 19.10.16.

Til stades:

Anders Hopland (1.klasse), Randi Helen S. Osmundsen (2. klasse), Siv Merethe Fonnes Midtgård (3. klasse), Eva Hindenes (4.klasse), Therese Hopland Johansen (5. klasse), Bjarne Ramsvik (6. klasse), Christine Veland (7. klasse) og rektor Torill Persson Solli.

Sak 1: Temakveld.

Alle rep legg ut på klassen sine FB sider om påminning om å gje tilbakemelding om temakveld. Ny frist er 26 oktober.

Sak 2: Grillhytta.

Ungdomsskulen har meldt tilbake at dei ikkje kan starte på hytta før til våren. FAU kjem fram til at det skal sjekkas ut om det kan startas på utan å involvera ungdomsskulen.

Anders snakkar med Endre, pappa til Alva i 1. klasse, om han evt. kan være byggeledar. Dersom han ikkje har anledning, kan Laila spørje sin far om han har mulighet.

Andres skal sjekke pris på byggesett, jmf med kva som laga som prisoverslag tidlegare. Dersom ein går for byggesett kan han stå som byggeleiar. Det er behov for 1-2 laurdagar, der f. eks foreldre stiller opp, 2-3 timer kvar gong, med 2 arbeidslag kvar dugnadsdag.

Torill snakkar med Eli, som jobbar i BKK, om bruk av gamle telefonstolpar til Grillhytta.

Sak 3: Temakveld.

Nytt møte den 01.11.16 kl. 18 på barneskulen. Fordeling av arbeidsoppgåver; her må begge representantar frå klassene stille i fbm med å lage til og rydde opp etter temakvelden.

Sak 4: Fleirbrukshall.

Det er vedtatt at det blir fleirbrukshall på Ostereidet.

Sak 5: Felles konsekvensreglar.

Det er kome forespørsel frå foreldre om det er felles konsekvensreglar for regelbrudd på skulen.

Rektor informerer om at det er opp til den enkelte lærar.

Dei samværsreglane som er laga og delt ut viser seg å være effektive. Skulen ser mykje fin leik og det er flinke aktivitetsleiarar. Ved bruk av DUÅ, er tilbakemeldinga til rektor at elevene er rolegare, at elevene er flinkare til å sette ord på følelsar i klassens time, at elevene er flinkare til å rose kvarandre, at lærere blir meir bevisst og motivert ved bruk av DUÅ.

Siv Merethe Fonnes Midtgård

Referent